

Rotary kulturprisvinnar

1989

Brattvåg skulekorps



BRATTVÅG SKULEKORPS

Brattvåg Janitsjar var starta 19. oktober 1946, og den vart ein fast tradisjon i bygda i mange år. Ingebrig特 Ertresvåg var den fyrste leiaren i Janitsjarkorpset. Best av alt er det at dei ofte opptrer saman med Guttemusikken som var starta omlag på same tid. Dette vart seinare Brattvåg skulekorps. Det er vel mildt å seia at korpset har lagt ned eit uvurderleg arbeid for musikklivet og har spelt ei viktig rolle for kulturlivet i Brattvåg. Det skulle likevel gå lang tid, heilt til 1989 før korpset fekk eit synleg bevis for den positive rolle korpset har spelt for kulturlivet og for bygda

Ved ei festleg tilstelling på Våghall torsdag den 20.04.1989 vart kulturprisen for 1989 tildelt Brattvåg Skulekorps. Presidenten Fritjov Eiksund, fortalte om Rotary og statutter for utdeling av kulturprisen. Og styret sin kjennelse for tildeling av kulturprisen til Brattvåg Skulekorps. Presidenten overleverte prisen på 5000,00 kroner og diplom til David Beadle som er leiar for Skulekorpset. David Beadle held ein kort tale der han takka for prisen. Han kom også inn på den oppgåve Skulekorpset har i lokalsamfunnet, ikkje berre det at borna får lære og forstå det musikalske, men også på andre måtar og områder i ei problematisk tid for ungdomen. Korps og drillkorps stod oppstilt under utdelinga.

Underholdninga vart opna med song av Brattvåg Songarlag. Deretter spelte Skulekorpset som hausta stor fagnad. Drillkorpset gjennomførte feilfritt og presist nye drillstykker.